

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	Tysdag 28.10.25 kl. 17:30-19:30	Stad:	Landro skule
Desse var kalla inn:			
Anita Bowitz	Foreldrerådet, leiar FAU (meldt avbod)		
Emilie Lyssand Molland	Foreldrerådet, nestleiar FAU		
Beate Heggernes	Undervisningspersonalet		
Fredrik Øvstedal	Undervisningspersonalet		
Monica H. Sæle	Andre tilsette		
Morten Snekkevik	Kommunal representant, politisk		
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor		
Sak nr.			
1-25/26	Konstituering av SU og møteplan 2025-2026: Leiar: Beate Heggernes Nestleiar: Anita Bowitz Vi gjennomfører SU/SMU-møta tysdagar klokka 17:30-19:30 etter denne planen: • 28.10.25 SU-møte • 20.01.26 SMU/SU-møte • 10.03.26 SU-møte • 28.04.26 SMU/SU-møte • Eventuelt fleire møter etter behov Annakvart møte blir ein kombinasjon av møte i skulemiljøutvalet (SMU) og samarbeidsutvalet (SU). Rektor sender innkalling til møtedeltakarane.		

	Vi hadde ein gjennomgang av organisering og SU sine oppgåver. SU er eit rådgjevande organ som har rett til å uttale seg om alle saker som gjeld skulen, inkludert høyringsforslag som skulen mottek.
2-25/26	Saker frå FAU: - FAU hadde sitt første møte 29.09.25. Det vart gjennomført konstituering, og Anita Bowitz vart valt til FAU-leiar, og Emilie Lyssand Molland vart valt til nestleiar. Rektor deltok på møtet og orienterte om organisering og ulike oppgåver som kan vere aktuelle for FAU å jobbe med. - Det var ikkje meldt nokre konkrete saker frå FAU, og dei skal ha sitt neste møte 05.11.25.
3-25/26	Informasjon om skulen sine satsingsområde: Vi hadde ein gjennomgang av skulen sine satsingsområde skuleåret 2025-2026. Satsingsområda blir jobba aktivt med, og vi har evaluering gjennom kvalitetsdialog og oppfølging av handlingsplan. Her er dei ulike områda kort skissert: Lesing og språk: elevane våre skal utvikle gode dugleikar innan lesing og språk. Rekning: elevane våre skal utvikle gode dugleikar innan rekning. Læringsmiljø: sikre både elevar og tilsette eit trygt og godt læringsmiljø og arbeidsmiljø. Skule-heim samarbeid: jobbe aktivt for å sikre eit best mogleg skule-heim samarbeid. Auke involvering og engasjement. Evnerike elevar: skal sikrast tilpassa undervisning til sitt nivå.
4-25/26	Krinsgrensejustering Landro-Toftøy Landro SU har jobba med å gi høyringsinnspel til sak om krinsgrensejustering mellom Landro skule og Toftøy skule for elevar frå Turøy og Misje. Denne saka er no ferdig behandla. I Levekårsutvalet 01.10.25 vart det gjort følgjande vedtak: <i>Levekårsutvalet opprettheld krinsjusteringa som vart vedteke i skulebruksplanen, og der barn frå Misje og Turøy krins går til Toftøy skule.</i> Konsekvensane av denne krinsjusteringa vert at frå skuleåret 2026-2027, skal elevar på første trinn frå dei to øyane gå på Toftøy skule. Det gjeld også nye elevar som flyttar til Turøyna og Misje. Dei elevane frå desse øyane som no går på Landro skule, fullfører skulegangen der.
5-25/26	Andre saker til informasjon og drøfting: Mobilhotell for alle klassar: Vi har god erfaring med å ha mobilhotell for 5.-7. trinn. Det vil seie at elevane leverer inn mobiltelefon eller smartklokke når dei startar undervisninga på morgonen. Mobiltelefonar og smartklokkar blir samla i oppbevaringskasse/mobilhotell og låst inn i skap på klasseromma. Dei blir utlevert ved skuleslutt. Vi har landa på at vi ønskjer å gjere det på same måte for 1.-4. trinn. Mobilhotella er på plass og vil bli teken i bruk neste veke.

	• Smarttelefonfri barndom: Det er for tida mykje fokus på alternativet til smarttelefonar. Ein del foreldreutval har gjort vedtak om å jobbe for at skulen innan hausten 2030 blir smarttelefonfri for elevar, og at føresette utsetter å gi barna smarttelefon til etter barneskulen. Dette er sjølv sagt noko som må bli opp til dei føresette å bestemme for sitt barn. Vi ser både fordeler og ulemper med bruk av smarttelefon, og det er viktig med god kunnskap rundt dette. Vi drøfta om dette temaet kan vere aktuelt å jobbe vidare med i FAU og SU i tida som kjem. SU er positiv, og ønskjer at FAU tek saka opp i neste møte. • Status frå Elevrådet: Det er valt nye elevrådsrepresentantar frå 4.-7. klasse. Fredrik melder som elevrådskontakt om at det er motiverte representantar, som er opptekne av å gjere ein god jobb i Elevrådet. Dei har til no gjennomført to møter, og har i forkant hatt klassemøter. Elevrådet har ønskjer om innkjøp av ein del utstyr, samt fokus på ulike arrangement og saker dei vil jobbe vidare med. • Juleframsyning/julekonsert: Det vil bli gjennomført juleframsyning/julekonsert onsdag 17.12. (5.-7. trinn) og torsdag 18.12. (1.-4. trinn). Eigen invitasjon kjem i Vigilo. • Trafikktryggleik: Vi har den siste tida jobba ein del med trafikktryggleik. Viser til melding som vart sendt ut i Vigilo til alle føresette 20.10.25. Vi ser at elevane stort sett er veldig flinke til å hugse refleks, og mange er blitt meir oppmerksame og tatt oppfordringa ved å gå av sykkel og sparkehjul når dei kryssar gangfeltet. Det er veldig bra! Skulen har både fått melding frå føresette, og sjølv observert at det er ein del på elsparkesyklar som har høg fart og køyrer slalom mellom yngre elevar på gangvegen, har passasjer på elsparkesykkelen, og køyrer utan hjelm. Det har vore auke i bruken av elsparkesyklar på skulevegen, og det er difor viktig at elevar og føresette har god kjennskap til trafikkreglar som gjeld. Denne lenkja kan vere fin å lese for å oppdatere seg på gjeldande reglar: Trafikkregler for elsparkesykler Statens vegvesen Skulen vil halde fram med å ha fokus på trafikktryggleik, og treng at føresette støttar engasjementet ved å ha gode samtaler med barna heime om korleis dei kan ferdast trygt i trafikken. Trafikktryggleik kan også vere aktuelt tema for FAU å jobbe med.
Referent: Anita Vabø Rektor	